

DET MIDTHORDLANDSKE
DAMPSKIBSSELSKAB AS
Holtbrekka 7
5200 OS

Dato: 08.07.2016
Vår ref.: 2015/2164-137
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

FDV-tilskot til M/F Skånevik - Statsbudsjettet 2016 kapittel 1429 post 74 tilskot til fartøyvern

Vi viser til Dykkar e-post frå den 30. juni 2016 der De ber om å få utbetalt et tilskot på kr. 375 000 til forvaltning, drift og vedlikehald(FDV), til det freda fartyet MF Skånevik.

Hordaland fylkeskommune har vedteke å opprette ei ny tilskotsordning til forvaltning, drift og vedlikehald av farty. Denne tilskotsordninga vert ikkje utlyst før på hausten i 2016. Den nye tilskotsordninga er på 1 mill og 50% av tilskotsordninga, kr. 500 000, vert finansiert av Riksantikvaren.

Riksantikvaren har øyremerkert kr 375.000,- av desse midlane til M/S Skånevik. I brev dagsett den 24.02.2016 heiter det at:

«50 % av ny fylkeskommunal tilskotspost til drift av farty med status som freda eller verna skip. Av desse skal kr. 375 000 gå som FDV-tilskot til M/F «Skånevik».

Hordaland fylkeskommune utbetalar med dette midlane som er øyremerkte og gjer eit tilskot på kr. 375 000 til MF Skånevik frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 74.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld for inneverande år.

Rapportering

Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande året.

Rapporten skal innehalda:

- a) Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- b) Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

Utbetaling

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Ronny B Skaar
fung. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Aksept av vilkår for tilskot
- 2 Retningsliner for tilskot